# Hardanger / Voss kompetanseregion
## Vurderingsgruppa



# Glansbilde

Tema:
Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barn sin medverknad

| Kriterium | Teikn på god praksis |
|---|---|
| Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd<br><br>"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar."<br>*Rammeplan for barnehage 2006, s.49* | ❖ Barna er medvitne om korleis dei kan påverke kvardagen<br>❖ Barna vel aktivitetar, rom og vener<br>❖ Materiell er plassert lett tilgjengeleg for barna<br>❖ Barna erfarer tydlege og ansvarsfulle vaksne som lyttar<br>❖ Barna seier meininga si om kvardagen i barnehagen og dette viser att i prosjektplanar og aktivitetar<br>❖ Barna sine kroppslege og verbale uttrykk vert anerkjent og tatt på alvor |
| Personalet viser respekt for barna sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar<br><br>"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."<br>Barnehagelova § 3 Barnas rett til medverknad | ❖ Personalet er medvitne om og ser etter initiativ frå barna<br>❖ Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering av aktivitetar<br>❖ Personalet er fleksible og imøtekomande ovanfor barn og deira behov<br>❖ Personalet dokumenterer barna sin medverknad og korleis idear utviklar seg i kvardagsaktivitetar.<br>❖ Personalet gjennomfører strukturerte samtalar og intervju med barn/barnegrupper |
| Føresette<br>Barnehagen gir barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim<br><br>*Barnehagelova § 1 Formål*<br>*Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald*<br>*Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval* | ❖ Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald og arbeidsform<br>❖ Føresette vert involvert i utforminga av barnehagen sitt innhald og vurdering av utført arbeid<br>❖ Føresette vert møtt med respekt og forståing, og innspel vert tatt på alvor<br>❖ Føresette opplever dialog, toleranse og interesse for seg og sitt barn, uavhengig av kulturell, religiøs og språkleg bakgrunn |
| Barnehagen er ein lærande organisasjon<br><br>*Rammeplan for barnehage 2006, s.47og 49*<br><br>*"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon." (Rammeplan for barnehage 2006, s.50)* | ❖ Personalet har god kjennskap til og ei felles oppfatning av innhaldet i rammeplanen<br>❖ Personalet har felles visjon, felles standard og konkrete og realistiske mål<br>❖ Det er sett av faste tider til refleksjon og drøfting av den pedagogiske praksisen på avdelinga/heile barnehagen<br>❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet<br>❖ Personalet vurderer jamleg eigen praksis og oppnådde resultat som grunnlag for barnehagen sine planar |